



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak E - Flytte Vassenden skule til Sunde skule og Nye Førde ungdomsskule



Innhold

Tiltak E – Flytte Vassenden skule til Sunde og nye Førde ungdomsskule	3
Beskriving av tiltak.....	3
Geografi og elevtalsutvikling	3
Kapasitet	6
Konsekvensar	6
Økonomisk effekt.....	6
Konsekvensar for elevane	6
Konsekvensar for tilsette	7
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	7
Effekt- og konsekvensmatrise	8
Konklusjon	8

Tiltak E – Flytte Vassenden skule til Sunde og nye Førde ungdomsskule

Tiltaket har to aktivitetar:


- Kringsgrensejustering – Slik at Skei skule strekk seg til og med Ålhus.
- Ungdomsskuleelevane på Vassenden skule vert flytta til nye Førde ungdomsskule
- Barneskuleelevane på Vassenden skule vert flytta til Sunde skule

Start | H26

Beskriving av tiltak

Geografi og elevtalsutvikling


Tiltaket legg til grunn kringsgrensejusteringar på Vassenden og Skei sin krins. Skei får utvida sin krins slik at elevar som bur på Ålhus, og aust for Nikolai Astrups veg 495 soknar til Skei skule.




Her ser ein kor ny kringsgrense er føreslått plassert:




Denne kringsgrensejusteringa vil gi nye elevtal i dei to krinsane frå hausten 2026:



Elevane som soknar til Vassenden skule vil i dette tiltaket bli flytta til Førde ungdomsskule og Sunde skule. Elevantalutviklinga på skulane vil dermed bli som følger:



Det er totalt 45 innbyggjarar født mellom 2009 og 2023 som vert flytta frå Vassenden til Skei skule sin krins på nordsida av Jølstravatnet. På sørsida er talet 13:



Kapasitet

Sunde skule har stor overkapasitet i dag. Det er plass til 350 elevar, medan elevtalet på skulen er 164. Det er med andre ord uproblematisk å auke elevtalet til 285.

Skei skule får ei auke på om lag 40 elevar. Det er estimert kapasitet på 200 elevar på skulen.

Kapasiteten på ungdomsskulen i Førde er avhengig av kva andre tiltak som vert iverksett i Førde sentrum. Dersom ein går for alternativ A, vil det ikkje vere kapasitet på ungdomsskulen til å ta i mot elevane frå Vassenden.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

(Nokre tiltak vil ta tid å ta ut effekt av. Kanskje må det trappast opp år-for-år. Vurdering av effekt det året det blir starta, heilårseffekt (året etter), opptrapping av tiltak utover i planperioden eller nytt varig nivå etter tiltaket).

	Budsjettår		Økonomiplanperiode			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Teneste 202	0	0	1 282	3 227	3 284	3 296
Bygg			3499	8 399	8 399	8 399
Skuleskyss 98*9000			-368	-882	-882	-882
Tilskot*			-563	-563	-563	-563
Samla innsparing	0	0	3 851	10 180	10 237	10 249

* Gitt at ordninga frå dagens regjering vert vidareført

Med dette tiltaket vil alle elevar i dagens skulekrins for Vassenden, få rett på skuleskyss til Skei, Sunde og nye Førde ungdomsskule. Hausten 2026 vil dette utgjere omlag 200 elevar, med årleg kostnad på 9000 kroner pr. elev. Dette utgjør 1 800 000 kroner årleg. Mange av elevane har allereie skyss i dag. 145 av dagens elevmasse på 234 elevar har rett på skuleskyss i dag. Å flytte elevane til Sunde og Førde ungdomsskule vil derfor utløyse skyss for om lag 98 fleire elevar. Dette vil igjen utgjere ei auke på om lag 882 000 kroner årleg.

Konsekvensar for elevane

Ved ei eventuell flytting av Vassenden skule vil elevane bli flytta til større skular i Førde sentrum, noko som vil innebere fleire konsekvensar. Først og fremst vil mange elevar måtte reise lengre for å kome til skulen, og behovet for skuleskyss vil auke. Dette medfører både lengre reisetid og mindre tid til fritidsaktivitetar i nærmiljøet, noko som kan påverke kvardagen og kvile for elevane. Det kan også vere positivt at elevane får lettare tilgang på fritidsaktivitetar som vert avvikla i Førde sentrum.

Å starte på ein større skule i sentrum kan gi elevane tilgang til eit breiare fagtilbod og fleire sosiale nettverk, men det kan også opplevast overveldande for nokre elevar, særleg dei yngste, som må tilpasse seg eit nytt, større skulemiljø. For ungdommane som bur på Vassenden, vil dette tiltaket truleg føre til at dei i større grad vil trekkje mot Førde sentrum for både fritidsaktivitetar og sosiale relasjonar, noko som kan redusere ungdomsaktiviteten og det sosiale miljøet på Vassenden. Dette kan svekke tilknytninga til lokalmiljøet og gjere det meir utfordrande å oppretthalde eit levande ungdomsmiljø i bygda.

Konsekvensar for tilsette

For dei tilsette vil ei nedlegging av Vassenden skule føre til fleire omfattande endringar. Først og fremst vil fleire av lærarane og støttestaben miste arbeidsplassen sin i bygda og måtte vurdere nye arbeidsstadar i Førde sentrum eller andre skular i kommunen. Dette kan skape usikkerheit om vidare arbeid og føre til lengre pendleveggar for dei som vel å flytte med elevane til sentrumsskulane. Pendling kan ha konsekvensar for kvardagslogistikken, arbeidsbelastninga og tidsbruk, og kan dermed påverke både trivsel og motivasjon i jobben.

Ein nedlegging vil også påverke det faglege og sosiale arbeidsmiljøet. Dei tilsette på Vassenden skule vil miste det lokale fellesskapet og dei tette banda som ofte pregar mindre skular, der ein kjenner både kollegaer og elevar godt. For dei som vert flytta til større skular i sentrum, vil arbeidsmiljøet bli annleis, med fleire kollegaer og eit større profesjonsfellesskap, men samstundes kan det opplevast som mindre oversiktleg og personleg.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

- Dette tiltaket vil ha store konsekvensar for lokalsamfunnet på Vassenden. Det er relativt mange elevar i området, og familiar som dermed vert råka.
- Tiltaket vil påverke attraktiviteten i bustadmarknaden på Vassenden, og kan hindre tilflytting.

Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
Låg	5		5	10	15	20	25
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
4	2	8

Vurdering: Tiltaket er vurdert som gult

Konklusjon

Tiltak E, som inneber å flytte barnetrinnet frå Vassenden til Sunde skule og ungdomssteget til nye Førde ungdomsskule, har både økonomiske og strukturelle fordelar, men medfører også utfordringar som vil påverke både elevar, tilsette og lokalsamfunnet. Flyttinga av elevane til større skular i Førde sentrum gir tilgang til eit breiare fagmiljø og fleire sosiale arenaer, men samstundes vil lengre skuleveg og auka behov for skuleskyss krevje meir av elevane og redusere tilknytninga deira til lokalmiljøet på Vassenden. Dette kan på sikt svekke ungdomsmiljøet i bygda og føre til at fleire unge trekkjer mot Førde sentrum for sosiale aktivitetar og tilhørslse.

For dei tilsette betyr tiltaket overflytting til andre skular, noko som kan skape både faglege moglegheiter i større profesjonsmiljø og utfordringar knytt til pendling og tap av dei tette relasjonane ein ofte finn på mindre skular. Lokalsamfunnet på Vassenden vil også kunne oppleve redusert attraktivitet og ein svekka bustadmarknad, noko som kan påverke tilflyttinga til området.

Samla sett er Tiltak E eit gjennomførbart tiltak som gir innsparingseffektar og strukturelle fordelar, men dei sosiale og praktiske konsekvensane for elevane og lokalmiljøet må nøye vurderast for å sikre at tiltaket ikkje på lengre sikt svekker trivsel og fellesskap på Vassenden.